

Referat frå SMU/SU-møte nr 2, skoleåret 2025-26

Klasserommet til 6b, ved skulekjøkkenet på Samnanger Barneskule tysdag
15.januar klokka 19:30 – 20.30

Inviterte:

2 elevrådsrepresentanter

Aline S Foss og Embla Hope
Vara: Noah Drevsjø.

2 representanter for undervisningspersonalet:

Esther Nordvik og
Helen Tallis-Reistad

1 representant for andre tilsette:

Henny S. Nordvik

Rektor Eli Kristin Berge, Samnanger kommune
Håvard Tveiterås kommunestyret, Samnanger kommune
Anders Fossmark, Ingrid Rondestveit, Ane Eikeland Prestnes

Tilsett Helen Tallis-Reistad meldt fråvær, vara kunne ikkje koma.
Representant frå kommunestyret meldte og fråvær, og vara Odd Arne Haga kom.

Referent: Eli Kristin Berge

Agenda:

2025/2026-10 Godkjenning av innkalling
Neste SU møte: 18.03.2026

2025/2026-11 Orientera om resultat Nasjonale prøver

Resultata frå dei nasjonale prøvane på 5. trinn viser at elevane våre ligg *over eller på nivå med landssnittet* på alle områda. I **engelsk** oppnår elevane **52 poeng** (skalapoeng), samanlikna med **50 nasjonalt**, som tyder på at dei har gode grunnleggjande ferdigheiter samla sett. I **lesing** ligg resultatet på **49 poeng**, som er identisk med landsgjennomsnittet, medan elevane i **rekning** oppnår **53 poeng**, klart over **49** nasjonalt.

Styrkar:

- Elevane viser særleg sterke ferdigheiter i **rekning**, noko som vitnar om god talforståing og solide strategiar i problemløysing.
- Leseresultata på nasjonalt nivå viser at elevane er på rett veg, med eit godt fundament å byggje vidare på.
- Elevane våre viser og gode grunnleggjande ferdigheiter i engelsk. Det igjen gir eit godt grunnlag for vidare læring.
- Det samla resultatet på eller over landssnittet tyder på at elevgruppa har gode læringsstrategiar og eit godt fagleg grunnlag.

Utviklingspotensial:

- Lesing ligg på nivå med landet, og det gir eit naturleg fokusområde å styrka vidare – særleg når det gjelder tekstforståing, breidde i lesestrategiar og uthald i møte med lengre og meir komplekse tekstar.
- Ein kan arbeide vidare med å utvikla elevane sin evne til å forklare tankegangen sin, både i rekning og lesing, for å løfta dei frå gode til svært gode ferdigheiter.

Samla sett viser resultata at elevane på 5. trinn har **eit godt utgangspunkt for vidare læring og utvikling**, og dei står godt rusta til å møte komande faglege utfordringar.

Vedtak: SU/SMU ser positivt på utvikla og tek tilbakemeldinga frå resultat Nasjonale prøver til orientering

2025/2026-12 Orientera om resultat elevundersøking

Resultat elevundersøkinga 7. trinn – hausten 2025

Elevundersøkinga for 7. trinn hausten 2025 viser ei svært god deltaking, med ein svarprosent på **96,6 %**. Totalt skårar trinnet **6 indikatorar likt eller over landssnittet**, medan **4 indikatorar ligg under**.

Gjennom svara kjem det fram at elevane i stor grad **trivst godt på skulen**, dei opplever at lærarane gir god støtte, og at både skule og føresette følgjer opp arbeidet deira. Elevane gir òg uttrykk for at dei kjenner til og respekterer **felles reglar**, og at dei får **faglege utfordringar** som passar dei.

Indikatorar der me skårar under landssnittet

To av områda me ser grundigare på og har behov for å arbeide vidare med, er indikatorane **læringskultur** og **motivasjon**.

Læringskultur:

Indikatoren byggjer på tre spørsmål:

- *Det er god arbeidsro i timane*, skalapoeng **3,0**
- *I klassen min synes vi det er viktig å jobbe godt med skolearbeidet*, skalapoeng **2,9**
- *Lærarane mine synes det er greit at vi elevar gjer feil fordi vi kan lære av det*, skalapoeng **4,6**

Resultata viser at elevane opplever lærarane som støttande og læringsorienterte, særleg når det gjelder å kunne gjera feil og lære av dei. Samtidig peikar elevane på utfordringar knytt til **arbeidsro** og **felles haldningar til innsats i skolearbeidet**. Dette er område me ønskjer å prioritere i det vidare kvalitetsarbeidet.

Motivasjon:

Indikatoren byggjer på følgjande spørsmål:

- *Er du interessert i å lære på skulen?* skalapoeng **3,4**
- *Kor godt likar du skolearbeid?* skalapoeng **2,7**
- *Eg gleder meg til å gå på skulen?* skalapoeng **3,4**

Svarmønsteret viser at ein del elevar har **varierende motivasjon**, særleg knytt til glede over skolearbeidet i seg sjølv. Samtidig ligg interessa for læring og glede over å gå på skulen på eit middels nivå. Dette gir oss verdifull innsikt i korleis me kan arbeida vidare for å styrka elevane si oppleving av meistring og læringsglede.

Oppsummering

Elevane ved 7. trinn trivst generelt godt, opplever støtte frå lærarar og føresette, og kjenner at dei får relevante faglege utfordringar. For å løfte elevopplevinga ytterlegare vil fokuset framover vera på:

- å styrka **arbeidsro** og felles haldningar til innsats i timane
- å utvikla ein endå meir positiv **læringskultur**
- å auka elevane si **motivasjon og oppleving av meistring**

Desse funna gir eit godt utgangspunkt for vidare utvikling, både pedagogisk og i læringsmiljøet

Vedtak: SU/SMU tek tilbakemeldinga om elevundersøkinga til orientering

2025/2026-13 Orientera om prosjekt SMARTMOBILFRI oppvekst i Samnanger.

FAU leiar Anders Fossmark orienterer SU/SMU om prosjekt SMARTMOBILFRI oppvekst i Samnanger. Ei arbeidsgruppe i FAU har haust 2025 arbeidd med ei undersøking hjå føresette på Samnanger barneskule om deira haldningar til ein oppvekst utan tilgang til smartmobilar. Utgangspunktet er å få, i første om gang, smartmobilmfrie skuleår til og med trinn 3. Dei har teke utgangspunkt i ein kampanje som er nasjonal: *La barndommen være smartmobilmfri* (smartmobilmfribarndom.no).

Svarprosenten i den digitale undersøkinga blant føresette på alle trinn, var høg. Arbeidsgruppa skal arbeida vidare med å få til eit foreldremøte med dette tema og målet er å få til nokre felles reglar/haldningar som kan hjelpe føresette kring dette temaet. Kunnskap, samhald og drøfting er sentrale moment som arbeidsgruppa og FAU ynskje helda fram med. Dei ynskje ikkje pålegg eller reglar, men heller at ein som føresett gruppe kjem fram til gode løysingar for ungane.

2025/2026-14 Elevrådet fortel om sitt arbeid og om det å vera elev på Samnanger barneskule, skulemiljø/læringsmiljø.

Representantar frå elevrådet orienterte om deira syn på det å vera elev ved Samnanger barneskule i dag samt fortalde om sitt arbeid i elevrådet. Elevane fortel om god trivsel på skulen og at elevane har mange aktivitetar som er kjekke. Dei nemner td aking ute, juleforestilling, FLL, Talentshow og fotball. Vidare fortel dei at oppgåva til elevrådet er å vera med å lage godt skulemiljø for alle. Elevrådet har fått eigne refleksvestar som dei skal nytta i friminutta framover. Det gjer at andre elevar kjenne att kven som sit i elevrådet og at dei kan koma og td få hjelp om dei treng det. Elevar i elevrådet har ei ekstra oppgåve i friminutta: - sjå til at alle har det bra, har nokon å vera med eller skape felles aktivitetar som gjer det kjekt å vera elev på skulen.

2025/2026 –15 Orientera om tre tilsyn skulen på skulen i desember/januar.

I desember 2025 fekk skulen tre tilsyn å svara ut. Det eine var eit tilsyn som sa at skulen hadde under bemanningsnorm på 1.-4.trinn. Skulen sendte inn ei retting knytt til ei utrekning i GSI (rapporteringssystemet til skulane i Noreg). Tilsynet er lukka og skulen si bemanning er i tråd med lovkrav. Eit anna tilsyn var at det mangla ei ros og risikoanalyse knytt til brannvern på skulen. Skulen har sendt inn dokumentasjon på det og tilsynet er lukka.

Det tredje tilsynet gjekk ut på å svar ut fylgjande tema: *Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Under dette temaet kontrollerer vi: 1. undervegsvurdering som grunnlag for intensiv opplæring på 1. til 4. trinn, jf. opplæringslova §§ 2-3 andre ledd, 11-3, 10-1 og 10-2, jf. forskrifta § 9-11 første og andre ledd.* Føresette fekk før jul informasjon om dette tilsynet. Frist for tilbakemelding på innsendt dokumentasjon er ca 1.april 2026.

2025/2026-15

Eventuelt

Sak frå første SU møte, haust 2025. Elevar som deltok på FLL på Tysnes ber om å få elevfrie dagar til våren. Elevar på trinn 6 og 7 reiste til Tysnes, laurdag 8.november 2025, for å delta på finale i FLL. Dagen vart lang for elevane, med avreise før kl 07:00 om morgonen og retur til Samnanger etter klokka 16:30. Elevane ber om fri tysdag 12. og onsdag 13. mai 2026.

Vedtak: SU/SMU støtter at elevane som deltok på Tysnes får fri desse to dagane

Ei orienteringssak: Samnanger barneskule vart i 2025 nominert til Dronning Sonja sin skulepris. Prisen blir delt ut annan kvart år til ein skule som har utmerka seg ved å praktisera likeverd og inkludering. 21 skular i Noreg vart nominert og me er svært stolte av å vera ein av dei nominerte skulane. Fredag 20.februar 2026 blir det ei markering på Samnanger barneskule. Arrangementet er for elevane og inviterte gjester som kommunalsjef Oppvekst, rådmann, ordførarar, FAU leiar og politisk representant for Samnanger barneskule. Det er Statsforvalter i Vestland som deler ut diplommet, eit maleri.

Vedlegget til møte:

Informasjon om Nasjonale prøver:

Tabellane under syner utviklinga i Samnanger over i tid, per trinn og per fag:

5. trinn – engelsk:

Skoleår ↑	≡	≡	Skalapoeng	Spredning fra	≡	Spredning til
2022-23			44	34		52
2023-24			45	37		54
2024-25			50	40		59
2025-26			52	47		60

5. trinn - lesing:

Skoleår ↑	Skalapoeng	Spredning fra	Spredning til
2022-23	47	40	52
2023-24	41	36	44
2024-25	44	37	50
2025-26	49	41	59

5. trinn - rekning:


Skoleår ↑	Skalapoeng	Spredning fra	Spredning til
2022-23	45	38	52
2023-24	45	37	52
2024-25	46	41	52
2025-26	53	46	60

Nasjonale prøver 5. trinn 2025-26

Skalapoeng engelsk	Skalapoeng lesing	Skalapoeng regning
52 ⁵⁰ i fjor	49 ⁴⁴ i fjor	53 ⁴⁶ i fjor

Mestringsnivåfordeling

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Elevundersøkinga:

Resultat Samnanger - alle indikatorar 7. trinn 2021 – 2025:

2021-22: 2022-23: 2023- 24: 2024-25: 2025-26:

Indikator - Spørsmål	Snitt ?	Snitt ?	Snitt ?	Snitt ?	Snitt ?
+ Støtte fra lærer	3,8	4,4	4,3	4,3	4,5
+ Støtte hjemmefra	3,9	4,5	4,3	4,1	4,4
+ Vurdering for læring	3,4	3,8	3,7	3,8	3,6
+ Læringskultur	3,7	4,1	3,7	4,0	3,5
+ Mestring	3,8	3,7	3,9	3,8	3,7
+ Motivasjon	3,1	3,5	3,6	3,6	3,2
+ Elevdemokrati og medvirkning	3,1	3,6	3,6	3,8	3,8
+ Felles regler	3,9	4,2	3,9	4,2	4,5
+ Faglig utfordring	3,7	3,8	3,5	4,1	3,9

Resultat Samnanger - alle indikatorar 7. trinn 2025 – 26 samanlikna med Vestland og landet

Landet: Vestland: Samnanger:

Indikator - Spørsmål	Snitt ?	Snitt ?	Snitt ?
+ Trivsel	4,1	4,1	3,9
+ Støtte fra lærer	4,2	4,3	4,5
+ Støtte hjemmefra	4,2	4,2	4,4
+ Vurdering for læring	3,6	3,6	3,6
+ Læringskultur	3,8	3,8	3,5
+ Mestring	3,9	3,9	3,7
+ Motivasjon	3,4	3,4	3,2
+ Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,5	3,8
+ Felles regler	4,2	4,2	4,5
+ Faglig utfordring	3,9	3,8	3,9